Kommunen følgjer KRS (4) nr. 4 som gjeld avgrensinga mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen. Standarden er viktig for å skilje mellom vedlikehald og påkosting i høve til anleggsmidler. Utgifter som representerer ein standardheving av anleggsmiddelet ut over standarden ved kjøp, er utgiftsførte i investeringsrekneskapen og aktivert i balansen. Langsiktig gjeld er knytt til føremål i kommunelova § 50. Kommunen har ikkje teke opp likviditetslån. All anna gjeld er kortsiktig gjeld. Det er betalt avdrag etter vedteken plan. Vurderingane for eigendelar gjeld tilsvarande for kortsiktig og langsiktig gjeld. Rentekostnadene vert periodiserte i rekneskapen etter oppgåve frå bankane.

### **Sjølvkostberekningar.**

Innafor dei rammer der sjølvkost er sett som den rettslege ramma for kva kommunen kan krevja av brukarbetalingar, fastset kommunen sjølvkost etter retningslinjer gitt av kommunal- og regiondepartementet i dokument H2140, januar 2003.

For dei tenester kommunen sjølv har valt å krevja brukarbetalingar etter sjølvkostprinsippet følgjer me dei same retningslinjer.

### **Mva-plikt og mva-kompensasjon.**

Kommunen følgjer reglane i meirverdiavgiftslova for dei tenesteområda som er omfatta av lova. Dette gjeld vatn, avløp, septiktanktømming, feiing og næringsbygg Bjørkheim. For kommunen si øvrige verksemd krev kommunen meirverdiavgiftskompensasjon. Mottatt kompensasjon for betalt mva er finansiert av kommunen gjennom redusert statstilskot i inntektssystemet. Meirverdiavgift i samband med investering er tilbakeført til investeringsrekneskapen med 100%. Det er krav om at 40 % av investeringsmoms i 2011 skal tilbakeførast til investeringsrekneskapen. Denne satsen skal trappast opp til 100% i 2014.

### **Generelle merknader.**


SparebankenVest og DnB NOR er framleis kommunen sine bankar, og me har godt samarbeid med dei. I 2009 inngjekk kommunen avtale med Nes Prestegjeldssparebank om eit bunde innskot på kr 5 mill til 2012 til min. 3,9% rente p.a.. Ved utgangen av året er renta på særvilkår (fond og skattetrekkskonti) 3,5 % (SPV), og på driftskontoen 3,25 % (SPV) / 2,9 % (DNB). Alle bankkontoane vert avstemte mot rekneskap ved utgangen av kvar månad, og renta av fondskapitalen vert nytta i driftsrekneskapen slik tidlegare vedteke. Kommunen si fakturahandsaming vart frå juni 2011 gjort elektronisk. Faktura vert no sendt på "flyt" for elektronisk signering av attestant og tilvisar før økonomikontoret bokfører og betalar. Rekningane vert betalt på forfall så sant faktura er tilvist i rimeleg tid før forfall.

Samnanger kommune er saman med Os kommune og Fusa kommune med i Bjørnefjorden Næringsutvikling. Samnanger fører, for 3.året, rekneskapen for Bjørnefjorden Næringsutvikling. Ordføraren er styreleiar og rådmann er sekretær. I styret set 3 ordførarar og 2 representantar for næringslivet (Fusa og Samnanger). Bankkonti som gjeld Bjørnefjorden Næringsutvikling er ført inn i balansen.

Det vart i 2011 bestemt å bruke 1,5 mill kr av premiefondet i DNB (tidlegare Vital) til betaling av løpande pensjonsutgifter. I tillegg er endringstilskot kr 319 000 betalt av fondet. Hos KLP blir premiefondet brukt fortløpande til å betale faktura, og i 2011 er det brukt kr 203 000. Når kommunen brukar av premiefondet, vil både premieavviket (inntekt) og pensjonsutgiftene bli lågare. Bruk av premiefond blir ført på funksjon 1800 under ansvar 9005

### Note nr. 3. Vesentlege postar og transaksjonar

Rekneskapen for 2011 er gjort opp med eit mindreforbruk (overskot) på **kr. 2.358.480,32**



#### Disposisjonsfond

Det er brukt kr. 7.370.845 av disposisjonsfondet og sett av kr 2.899.895,76 til disposisjonsfondet. Saldo pr 31.12.11 er **kr 875.647** som er ein reduksjon på kr 4.470.949,24 frå 2010. Prosjekt økonomi, lønn og personal starta opp i 2011 og vert avslutta i 2012. Unytta, budsjetterte midlar for prosjektet på kr 745 068,77 er avsett til disposisjonsfondet.

#### Fond Sima - Samnanger

I samband med vedtak om å bygge kraftleidning mellom Sima og Samnanger vart det av Olje- og energidepartementet løyvt kr 100 mill til avbøtande tiltak. Samnanger kommune sin del er kr 8.213.509. Det er gjennom fylkesmannen avklart med departementet at desse midlane er å sjå på som øyremerka midlar og kan nyttast både i drift og investering. Desse midlane er i samsvar med kommunestyrevedtak 58/11 sett av til fond, og det skal utarbeidast retningslinjer for bruken av midlane.



## Vesentlege postar

I det etterfølgjande vert det kort gjort greie for kva område dei største summene er retta mot med bakgrunn i det som tidlegare i året er blitt sagt om den økonomiske situasjonen for Samnanger kommune.

Område	Rev. budsjett	Rekneskap	Avvik
Einingane	137 945 215	136 567 662	-1 377 553
Netto rente	2 104 750	1 767 982	-336 768
Bruk av premiefond	-1 590 000	-2 272 200	-682 200
Premiavvik	-2 285 795	-2 473 150	-187 355
Konsesjonskraft	-5 700 000	-5 008 073	691 927
Urealisert gevinst aksjar	0	-156 927	-156 927

(Eit minus tal i avvik er eit mindreforbruk eller ein høgare inntektspost)

Det vart i november 2011 sendt ein søknad til IMDI (Integrerings- og mangfoldighetsdirektoratet) som gjeld ekstraordinære utgifter kommunen har hatt i samband med busetting av flyktningar i perioden februar 2010 – februar 2012 . Med bakgrunn i tilbakemeldingar og tilsegn som er komne, er det i 2011 bokført eit krav på kr 1,3 mill. Kommunen kan søke på nytt i mai 2012.

Pleie- og omsorg har hatt eit meirforbruk, Samnanger barneskule og interne tenester har hatt eit mindreforbruk.

## Premieavvik og premiefond

Premieavviket er i 2011 positivt og er ført som ei inntekt for kommunen med kr 3 476 385- Denne inntekta skal kostnadsførast over dei neste 10 år med lik sum kvart år. Det kom i 2011 ei endring i rekneskapsforskrifta §13 som endrar tal år for kostnadsføring frå 15 år til 10 år gjeldande fom premieavvik oppstått i 2011.

Premieavviket blir positivt når premieinnbetaling er større enn årets netto pensjonskostnad. Årets netto pensjonskostnad er noverdien av årets pensjonsopptening tillagt rentekostnader av påløpte pensjonsforplikting og fråtrekt forventa avkastning på pensjonsmidlar.

Nettoverknaden blir dermed at det utgiftsførast eit lågare beløp enn den faktiske premien (pensjonskostnaden).

Saldo på premiefond DNB (endra namn frå Vital) var pr 31.12.11 kr 6 555 111 på premiefond og kr 1 258 368 på fond AFP 62-65 . I 2011 vart det brukt totalt kr 2,02 mill til å betala deler av pensjonsrekning. Kr 1,8 mill gjeld DNB kor kr 1,5 mill er budsjettert bruk og kr 0,3 mill er endringstilskot som er betalt med fond. Premiefond KLP blir kvart år brukt til å betala pensjonsrekningar og i 2011 vart kr 285 116 overført frå fond (budsjett kr 90 000).

Når det blir brukt av premiefondet, blir premieavviket (inntekt) lågare medan bruk av fond blir ført som ei redusert utgift og blir høgare. Gevinsten i å bruka av premiefondet ligg i at me ikkje betalar arbeidsgjevaravgift av bruk og at utgift dei neste 10 år blir redusert. Gevinst med redusert arbeidsgjevaravgift er i 2011 kr 285 116.

## Konsesjonskraft

Samnanger kommune selde konsesjonskrafta for 2011 til fast pris 1.kvartal og på spotmarknaden resten av året. Kommunen har i 2011 hatt kr 5.008.073 i inntekt noko som er kr 691.927,- lågare enn revidert budsjett og kr 1,6 mill lågare enn opphavleg budsjett.

**Aksjar og aksjefond**

Samnanger har 39 147 aksjar i Nordisk Areal as. Verdi pr 31.12.2011 var kr 81,50 pr aksje . Dette er ein auke på kr 4 pr aksje frå 01.01.2011. Bokført verdi for Nordisk Areal Invest as er pr 31.12.2011 på kr 3.190.480,50 som gjev ein urealisert gevinst på kr 156 588,-. Det er vedtatt at aksjane skal seljast til min. kr 86,- pr aksje noko som nok ikkje vil skje før verdien er på same nivå. Aksjane vart kjøpt for kr 4.000.000,- i oktober 2007.

Aksjane i First Alpha har gitt ein urealisert gevinst på kr 339,- og Pluss pengemarked har gitt ein urealisert gevinst på kr 6.679,35

Restverdi på aksjane i Prosam as er opp gjort med kr 10 000. Prosam as la ned drifta våren 2010 og vart formelt avslutta i 2011.

**Tap på krav**

Det er i 2011 ikkje bokført tap på krav.

**Tilskot**

Kommunen har i 2011 mottatt fleire tilskot, spesielt til prosjekt innan kultur. Det er og mottatt eit øymerka tilskot til 75 % stilling på barnevern og eit tilskot frå Fylkesmannen til felles brannøving og nytt datasystem innanfor feiing.

Øymerka tilskot og gåver til spesielle tiltak og prosjekt i kommunen som ikkje er brukt i løpet av 2011, er sett av på fond. Dette går fram av balansen side 8.

**Anna**

Det er inngått 7 ny leasingavtaler av bil i 2011. Totalt har kommunen 12 leasingbilar. 11 av bilane er i pleie og omsorg og 1 i teknisk eining. Alle avtalene er operasjonelle leasingavtaler.

Arbeidet med nytt økonomi, lønn og personalsystem (Agresso) starta mars 2011. Nytt økonomisystem vart innført 06.06.11 og nytt lønssystem 01.01.2012. Personalsystemet kjem på plass våren 2012. Prosjektet har ei ramme på 2,4 mill kr. For delar av året har kommunen betalt for 2 system, noko som er ein del av prosjektkostnaden. Begge systema er eigd av Edb Ergo group.

## Note nr. 4. Endring i arbeidskapital

Endring i arbeidskapital seier noko om utviklinga i kommunen sin betalingsevne.

<b>Endring i arbeidskapital</b>			
	<b>31.12.2010</b>	<b>31.12.2011</b>	<b>Endring</b>
Balanserekneskapen			
2.1 Omløpsmidlar	51 550 759,60	78 496 378,85	
2.3 Kortsiktig gjeld	-25 654 637,86	-28 254 581,56	
<b>Arbeidskapital</b>	<b>25 896 121,74</b>	<b>50 241 797,29</b>	<b>24 345 675,55</b>
Endring ubrukte lånemidlar (auke -/reduksjon +)			-21 674 408,03
IB konto 291	4 696 915,26		
UB konto 291	26 371 323,29		
<b>Sum endring for avstemming mot drift og investering</b>			<b>2 671 267,52</b>
<b>Drifts- og investeringsrekneskapen år 2011</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sum</b>	
<b>ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT</b>			
+ Sum driftsinntekter	184 630 468,11		
- Sum driftsutgifter	178 675 906,09		
+ Eksterne finansinntekter	1 763 526,30		
- Eksterne finansutgifter	8 079 842,45		
+ Motpost avskrivningar (990)	6 127 968,57		
<b>Sum driftsrekneskapen</b>	<b>5 766 214,44</b>		<b>5 766 214,44</b>
<b>ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING</b>			
+ Sum inntekter	5 312 161,00		
- Sum utgifter	15 800 574,92		
<b>Eksterne finansutgifter</b>			
- Renteutgifter art 500	8 700,00		
- Avdragsutgifter art 510	698 572,28		
- Utlån art 520	586 124,00		
- kjøp av aksjer og andeler art 529	48 086,00		
<b>Eksterne finansinntekter</b>			
+ Bruk av lån art 91	8 025 591,97		
+ Mottatte avdrag på utlån art 920	698 572,28		
+ Sal av aksjar og andelar art 929	10 785,03		
<b>Sum investeringsrekneskapen</b>	<b>-3 094 946,92</b>		<b>-3 094 946,92</b>
<b>Endring arb.kap jf drifts- og inv.rekneskapet</b>			<b>2 671 267,52</b>
<b>Sum endring arbeidskapital jf balansen</b>			<b>2 671 267,52</b>
Differanse (forklarast nedanfor)			0,00

## Note nr. 5. Pensjonsforplikting / pensjonsmidlar alle selskap

### Generelt om pensjonsordninga i kommunen

Kommunen har i 2011 hatt kollektiv pensjonsordning for alle tilsette : Kommunal landspensjonskasse; KLP ( sjukepleiarar), Statens pensjonskasse (lærarar) og DNB (tidlegare Vital) (alle andre). Kollektiv pensjonsordning sikrar ytingsbasert pensjon for tilsette. Pensjonsordninga omfattar alders-, uføre-, ektefelle-, barnpensjon og AFP / tidleg pensjon og sikrar alders- og uførepensjon med samla pensjonsnivå på 66% saman med folketrygda. Pensjonane samordnast med utbetaling frå folketrygda. Tilsette har ved fylte 62 år rett til avtalefesta pensjon (AFP) etter bestemte reglar.

### Tilsette fordelt på selskap:

	Aktive	Slutta m/ rettigheit	Pensjonistar
DNB	177	245	72
KLP	22	3 (i 2011)	0 (nye i 2011)
Staten	40	33	

### Rekneskapsføring av pensjon jf. § 13 i forskrift for årsrekneskap.

Pensjonsmidlar og pensjonsforplikting er oppført i balansen som anleggsmidlar (balansekonto 219) og langsiktig gjeld (balansekonto 240). Pensjonsforplikting består av den diskonterte verdien av dei samla framtidige pensjonsytningar som er opptent ved utgangen av året. Forpliktinga er berekna ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Årets pensjonskostnad er endringar i forpliktinga frå byrjinga til slutten av året. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad er premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapet (konto 1.9005.1700.) Dette skal frå 2011 tilbakeførast over 10 år. Denne endringa har ikkje tilbakeverkande kraft, slik at tidlegare års premieavvik skal tilbakeførast over 15 år. (konto 1.9005.1710)

### Oversyn over samla premieavvik, pensjonsmidlar og pensjonsforplikting.

2011	KLP		STATEN		DNB		ALLE SELSKAP	
	Årets	Akkumulert	Årets	Akkumulert	Årets	Akkumulert	Årsummar	Totalsummar
Premieavvik	312 198	1 279 444	-229 284	-143 710	2 963 874	11 939 386	3 046 788	13 075 120
Arb.gj.avgft	44 020	180 402	-32 329	-20 263	417 906	1 683 453	429 597	1 843 592
Auke pensjonsmidlar	76 961	16 242 292	-13 613 110	22 386 510	13 574 367	107 547 922	38 218	146 176 724
Auke pensjonsforplikting	2 952 830	18 637 796	-11 624 932	29 956 445	41 789 074	139 902 116	33 116 972	188 496 357
Arb.gj.avg. Auke/red.	472 464	337 766	280 336	1 067 360	3 978 273	4 561 941	4 731 073	5 967 067

Årsummane finst i balansen [side 2, 3, 7](#) og på kapitalkonto. I tillegg står premieavviket i driftsrekneskapen ansvar 9005



## Oversikt over estimatavvik:



	Tidligere års estimatavvik pr. 31/12/2010	Estimatavvik oppstått i år 2011	Amortisert i år 2011	Akkumulert Estimatavvik pr.31/12/2011
<b>KLP:</b>				
Estimatavvik pensjonsmidlar	1 368 796	404 565	1 773 361	0
Estimatavvik pensjonsforpliktingar	1 343 907	70 799	1 414 706	0
Brutto estimatavvik			3 188 067	
Amortisert premieavvik i år			-108 162	
Netto estimatavvik			3 079 905	
<b>Statens pensjonskasse</b>				
Estimatavvik pensjonsmidlar	11 368 326	5 076 614	-16 444 940	0
Estimatavvik pensjonsforpliktingar	-9 669 719	-5 011 809	14 681 528	0
Brutto estimatavvik			1 763 412	
Amortisert premieavvik i år			-19 158	
Netto estimatavvik			1 744 254	0
<b>VITAL:</b>				
Estimatavvik pensjonsmidlar	163 448	-2 169 926	-2 006 478	0
Estimatavvik pensjonsforpliktingar	16 829 480	16 355 577	33 185 057	0
Brutto estimatavvik			31 178 579	
Amortisert premieavvik i år			-744 974	
Netto estimatavvik			30 433 605	

Avvik mellom avlagte tal for pensjonsforplikting / pensjonsmidlar i føregående år og ny berekning vert kalla årets estimatavvik for pensjonsforplikting / pensjonsmidlar

Frå 2011 kom ei endring i §13 i rekneskapsforskrifta om pensjon. Amortiseringstida vert endra frå 15 år til 10 år og estimatavvik skal balanseførast fullt ut frå og med 2011.

Føresetnader for berekningar i dei ulike selskapa.:

Selskap	Diskonteringsrente	Lønnsvekst	G-regulering	Forventa avkastning
KLP	4,50 %	2,96 %	2,96 %	5,50 %
SPK (staten)	4,50 %	2,96 %	2,96 %	4,85 %
DNB (tidl. Vital)	4,50 %	2,96 %	2,96 %	5,50 %

### Spesifikasjon årets pensjonskostnad.:

Sum 1/0.090x	10 410 547
- akkumulert premieavvik	879 259
+ Årets premieavvik	3 046 788
+ bruk av premiefond	2 022 097
Ordinær pensjonsutgift	14 600 173
- av dette utgjer kollektiv gruppelevforsikring	135 826

## Note nr. 6. Kommunen sitt garantiansvar pr 31.12.2011

Gitt overfor - navn	Adresse	Beløp	Går ut dato
BIR (lån DnB Nor 2)	5000 Bergen	684.129	01.04.2013
Midthordlandske Dampskipsselskap Holding as	5200 Os	200.000	31.12.2012
Midthordlandske Dampskipsselskap Holding as	5200 Os	100.000	31.12.2019
<b>Sum garantiansvar</b>		<b>984.129</b>	

Det er ikkje kostnadsført tap på garantiar i 2011

## Note nr. 7a. Innskot, aksjar og rentevilkår

	31.12.2010		30.04.2011		31.08.2011		31.12.2011	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot i SPV (driftskonto)	5,23	33 %	6,56	15 %	1,79	7 %	<b>10,36</b>	<b>34 %</b>
Innskot i SPV (fondskonto)	9,68	60 %	32,03	73 %	22,03	89 %	<b>17,75</b>	<b>58 %</b>
Innskot i DNB	0,9	6 %	4,92	11 %	0,63	3 %	<b>2,04</b>	<b>7 %</b>
Pengemarknadsfond:								
Pluss – fondene	0,22	1 %	0,23	1 %	0,23	1 %	<b>0,23</b>	<b>1 %</b>
<b>Samla kortsiktig likviditet</b>	<b>16,03</b>	<b>100 %</b>	<b>43,74</b>	<b>100 %</b>	<b>24,68</b>	<b>100 %</b>	<b>30,38</b>	<b>100 %</b>
	Mill NOK	Gevinst/tap*	Mill NOK	Gevinst/tap*	Mill NOK	Gevinst/tap*	Mill NOK	Gevinst/tap*
Aksjefond*: First Norway Alpha	1,06	-0,023	1,08	0,01	1,04	-0,02	<b>1,07</b>	<b>0,00</b>
Aksjar*: Nordisk Areal Invest as	3,034	0,254	3,13	0,10	3,37	0,33	<b>3,19</b>	<b>0,16</b>
kr pr aksje	77,5		80,-		86,-		<b>81,5</b>	
Tidsinnskot * (Nes Prestegjeldssparebank)	5,3	0,20	5,35	0,05	5,46	0,16	<b>5,51</b>	<b>0,21</b>

\* verdi pr kvartal, gevinst/tap er akkumulert

Ved utgangen av året er renta på særtilkår (fond og skattetrekk) 3,5 % (SPV), og på driftskontoen 3,25 % (SPV) / 2,9 % (DNB)

## Note nr. 7b. Aksjar og eigardelar, spesifisert

### Finansielle omløpsmidlar

Marknadsbasert verdipapir	Type	Anskaffelses kost	Bokført verdi		Urealisert gevinst / tap	
			pr 01.01.11	pr 31.12.11	Verdiauke i 2011	Verdiauke i %
First Norway Alpha (218.70.003)	Aksjefond	1 000 000	1 065 118	1 065 457	339	0,03 %
Pluss pengemarkedsfond (210.38.001)	Pengemarknadsfond	pr 31.03.07: 193 950	225 984	232 664	6 680	2,96 %

Andre finansielle omløpsmidlar:

Nordisk Areal Invest as (218.70.002)	Eiendomsfond	4 000 000	3 033 892	3 190 481	156 589	5,16 %
--------------------------------------	--------------	-----------	-----------	-----------	---------	--------

Marknadsverdi = UB 2011

Verdien på aksjane i Nordisk Areal Invest as var kr 77,80 pr aksje 01.01.11, aksjane auka til kr 86 pr aksje i 2.kvartal, men vart redusert til 81,50 pr aksje ved utgangen av 2011. Det er bokført ein urealisert gevinst på kr 156 589.

Aksjekjøpet i First Eiendomsinvest as (no Nordisk Arela Invest as) var ikkje i medhald av gjeldande finansreglementet ved kjøp. Kommunestyret blir fortløpande orientert om utviklinga, og aksjeposten er etter vedtak i sak 34/11 lagt ut for sal til kr 86,- pr aksje eller betre.

#### **Aksjar og eigardelar i varig eige (anleggsmidlar):**

Selskapets namn Balansen 221.	Balanse- ført verdi	Tidspunkt for kjøp	Tal aksjar	Marknadsverdi	Eigardel i selskapet
Eigenkapitalinnskott KLP	370 164	kvart år		370 164	
Aksjar i Bergensbanens forkortelse	2 000	1957	10		Symbolsk
Aksjar i Norheimsund Industrier	160 000	1977- 2010	17	160 000	4,56 % (372 aksjar)
Aksjar i B.I.R. d.a.	17 800			17 800	
Aksjar i Kommunekraft a/s	1 000				Symbolsk
Aksjar i Hardangervegen A/S	2 000				Symbolsk
Aksjar i Business region Bergen A/S	20 000			20 000	
Aksjar i EDB A/S	1 716				Symbolsk
Aksjar i A/S Storholmen A. S. V.	5 000	1989	10		Symbolsk
Aksje i Hurdalsenteret	5 000				Symbolsk
<b>Sum aksjar</b>	<b>584 680</b>				

Kommunen si beholdning av aksjar i varig eige er liten. Aksjane er ikkje børsnoterte. Balanseført verdi er auka med kr 38 086 som resultat av at eigenkapitalinnskott i KLP er auka med kr 48.086 og aksjeposten i Prosam as er betalt ut med kr 10 000 etter at selskapet vart avvikla i januar 2011. Drifta i selskapet vart overført til kommunen i 2010.



**Note nr. 8. Fond**

Balansen side 8 og 9

**Ubundne Fond****Disposisjonsfond**

<b>Saldo pr 01.01.11 konto 256.20.101</b>		<b>5 346 596,24</b>
<b>Tilgang:</b>		
KS 14/11	Disponering av overskot 2010	1 460 627
KS 63/10	Budsjettert med avsetting	552 000
PØ 18/10	Bjørkheim næringsbygg - tilbakeført	69 200
PØ 76/09	Lagerbygg - tilbakeført	73 000
KS 63/10/adm	Budsjett 2011, økonomiprojekt 2011/2012	745 069
<b>art 5400</b>	<b>Sum avsett fond</b>	<b>2 899 895,76</b>
<b>Avgang/ bruk:</b>		
KS 14/11	Veglys riksvegar 2010	-340 000
KS 55/10	Ungdomsrådet	-35 000
KS 63/10	Budsjett soknerådet	-40 000
KS 63/10	Budsjettvedtak	-1 983 845
PØ 12/10	Ekstraløyving PLO	-2 600 000
PØ 09/11	Brøyteskjær	-70 000
KS 37/11	Økonomi rapport , ombudsjettering	-1 000 000
KS 7/11	100 % skatteoppkrevjar	-110 000
adm 38/2011	Tiltak bytta år tlf/ politikarar KS øk.plan	-300 000
KS 18/10	Områdeplan Bjørkheim	-522 000
	<b>Sum bruk av fond drift</b>	<b>-7 000 845</b>
del 194/10	Bil til brannvesenet( kr 70 000 lån)	-270 000
KS 63/10	Kai Rolvsvåg	-100 000
	<b>Sum bruk av fond investering</b>	<b>-370 000</b>
<b>art 9400</b>	<b>Sum bruk av fond</b>	<b>-7 370 845,00</b>
<b>Disponibel saldo pr 31.12.2010 konto 256.20.101</b>		<b>875 647,00</b>
<b>Nytt disposisjonsfond Sima - Samnanger</b>		
<b>KS 58/11</b>	<b>Avsett til nytt fond 256.20.200</b>	<b>8 213 509,00</b>



**Ubunde kapitalfond**

Konto 253.20.001	Ubunde investeringsfond	327 227,40	
Konto 253.20.004	Fond vatn/ avløp Hagamulen	300 000,00	
<b>Saldo pr 01.01.11</b>			<b>627 227,40</b>
<b>Tilgang:</b>			
	Prosam aksjar innløyst	10 785,03	
	Rolvsvåg industri	11 820,00	
<b>art 5480</b>	<b>Sum avsett fond</b>		<b>22 605,03</b>
<b>Avgang:</b>			
<b>art 9480</b>	<b>Sum bruk av fond</b>		<b>0,00</b>
<b>Disponibel saldo pr 31.12.2011 konto 253.20</b>			<b>649 832,43</b>
Konto 253.20.001	Ubunde investeringsfond	349 832,43	
Konto 253.20.004	Fond vatn/ avløp Hagamulen	300 000,00	




<b>Bunde driftsfond</b>	<b>Konto</b>	<b>31.12 2010</b>	<b>Bruk (950)</b>	<b>Avsett (550)</b>	<b>31.12. 2011</b>
Næringsfond - til disposisjon	251.20.001	955 682	-987 500	1 399 851	1 368 033
Løyvt av næringsfondet	251.20.002	3 291 560			3 278 060
Fond Bustadanalyse	251.20.110	72 545			72 545
Fond breiband	251.20.120	73 500			73 500
Fond opplæring barnehage	251.20.200	48 120			48 120
Fond barnehage komp.heving	251.20.201	27 173			27 173
Fond barnehage	251.20.202	4 035 017	-2 290 232		1 744 786
Fond kompetansesenter	251.20.211	70 000			70 000
Fond "Den naturlige skulesekken"	251.20.214			30 717	30 717
Fond Kulturell skulesekk	251.20.215	98 840	-50 000	13 432	62 272
Fond leseprosjekt	251.20.217	70 621	-12 000		58 621
Fond introduksjonsavtale	251.20.218	550 000			550 000
Fond Kulturminne	251.20.219	314	-314		0
Fond ballett i vatn	251.20.220	75 000	-33 549		41 451
Fond "Den kulturelle spaserstokken"	251.20.221	0		31 268	31 268
Fond "Intemasjonal skilting"	251.20.222	0		6 406	6 406
Fond EU-prosjekt aktiv ungdom	251.20.223	0		34 466	34 466
Fond "oppdrag kreativ"	251.20.224	0		185 782	185 782
Fond kulturvermarbeid	251.20.225	0		120 929	120 929
Fond prosjekt "reiseliv"	251.20.226	0		88 410	88 410
Fond "Me vil og vera med"	251.20.227	0		80 191	80 191
Fond "Fritt ord"	251.20.228	0		42 312	42 312
Fond "Fripluftsprosjekt"	251.20.229	0		37 584	37 584
Fond folkehelsekoordinator	251.20.230	0		22 653	22 653
Fond psykiatri	251.20.254	75 991			75 991
Fond region Midthordland	251.20.285	1 449	-1 449		0
Fond Fredskorpset	251.20.286	267 965	-202 629		65 336
Fond småkraft SPV	251.20.326	498 952	-100 000	229 448	628 400
Fond utflyttingstilskot	251.20.345	146 000	-146 000		0
Fond Enøk	251.20.360	20 000			20 000
Fond pleie og omsorg	251.20.371	82 919		17 244	100 163
Fond tilskot etablering	251.20.425	66 000		25 000	91 000
Fond utbetringstilskot	251.20.426	120 949		32 553	153 502
Fond tap på startlån	251.20.427	46 071			46 071
Fond komp.arb.gj.avgift	251.20.432	1 724	-1 724		0
Fond kommunal viltforvaltning	251.20.475	89 343		11 666	101 009
Fond fiskeforvaltning	251.20.476	523 045		64 133	587 178
Fond trivselsgrenda	251.20.521	2 076			2 076
Fond prosjekt Komfakt 2011	251.20.523	0		99 500	99 500
Fond prosjekt stimerking	251.20.530	80 000	-80 000		0
Fond prosjekt Liv & Lyst	251.20.531	25 688	-25 688		0
Fond prosjekt småsamfunn	251.20.532	77 523	-77 523		0
Fond bulyst	251.20.533	660 000	-660 000		0
Fond trivslestiltak	251.20.534	0		51 000	51 000
Fond småsamfunn Stolpane	251.20.535	0		3 052	3 052
Fond fysisk aktivitet	251.20.546	244 106			244 106
Fond Ytre Tysse (gåver)	251.20.600	121 301	-121 301		0
Fond Krisepakken	251.20.601	55 000			55 000
Fond vassforsyning	251.20.620	1			1
Fond avløp	251.20.630	633 563	-208 324		425 239
Fond tømning septiktank	251.20.631	469 947	-72 203	15 226	412 970
<b>Sum driftsfond</b>	<b>251.20.</b>	<b>9 430 743</b>	<b>-4 082 936</b>	<b>1 242 970</b>	<b>6 590 777</b>
<b>Sum 251.20</b>		<b>13 677 985</b>			<b>11 236 870</b>

Bjørnefjorden næringsutvikling		31.12.2010	Bruk (950)	Avsett (550)	31.12. 2011
BNU - ikkje disponert	251.21.002	550 703	-10 000	-475 590	65 113
BNU - tilsegn	251.21.003	993 914	-50 000	1 166 882	2 110 796
<b>Sum</b>		<b>1 544 616,76</b>	<b>-60 000</b>	<b>691 292</b>	<b>2 175 909</b>

Bunde investeringsfond	Konto	31.12.2010	Bruk (958)	Avsett(550)	31.12.2011
Fond nyanlegg vassverk	255.20.620	<b>333 056</b>	-181 928	0	<b>151 128,85</b>

### Fondskapital 2004-2011



Kommunen sin fondskapital har auka netto med kr. 1.773.414 Det er brukt kr 12,6 mill av fond og avsett kr 14,4 mill. Dei mest vesentlege avsetningar til fond dette året er nytt fond Sima –Samnanger, overskot 2010, avsetting til næringsfond og tilskot til prosjekt. Vesentleg bruk av fond er bruk av disposisjonsfond til budsjettkorrigeringar 2011 og bruk av barnehagefond. For meir detaljert informasjon sjå oversikt og balansen side 8 og 9



## Note nr. 9. Udisponert resultat

### Udisponert resultat (meir- og mindreforbruk)

Behaldning 31.12.10 konto 259.50.010		1 460 626,99
Årets udisponerte resultat (mindreforbruk)		2 358 480,32
Årets disponering av mindreforbruk 2010		
- Avsett til disposisjonsfond KS 11/10	1 460 626,99	
Sum årets disponering av mindreforbruk 2010		1 460 626,99
Behaldning 31.12.11 konto 259.50.011		2 358 480,32

## Note nr. 10. Føringar på kapitalkonto

Føringar på kapitalkonto 2011		
Tekst	Debet	Kredit
Inngående balanse		87 519 212,34
Sal av fast eigedom og anlegg	1 174 480,00	
Avskrivning av utstyr, fast eigedom og anlegg	6 127 968,57	
Oppgjer aksjar i Prosam as	10 000,00	
Aktivering av utstyr, fast eigedom og anlegg		14 704 432,86
Kjøp av aksjer og andeler		48 086,00
Sal av aksjer og andeler		
Utlån		606 124,00
Avdrag på utlån	698 572,28	
Avdrag på sosiallån	18 337,00	
Avdrag eksterne lån		5 452 462,00
Bruk av midlar frå eksterne lån	8 025 591,97	
Forpliktelse pensjon auke	33 116 972,00	
Pensjonsmidlar auke		38 218,00
Endring avgift forpliktelse pensjon	4 731 073,00	0,00
<b>Utgående balanse</b>	<b>54 465 540,38</b>	
Sum debet / kredit	108 368 535,20	108 368 535,20

Kapitalkontoen representerer differansen mellom balanseført verdi av anleggsmidler og langsiktig gjeld, justert for ubrukte lånemidler. Ubrukte lånemidler er den del av langsiktig gjeld som ikkje er rekneskapsført i investeringsrekneskapen. Kapitalkontoen kan og forklarast slik: Saldoen på kapitalkontoen viser kor mykje kommunen har brukt av kommunen sin eigenkapital til å finansiera anleggsmidler.



## Note nr. 11. Anleggsmidler

Kommunen følger inndelinga av anleggsmidler og avskrivingsplan i samsvar med rekneskapsforskriftas § 8. Kommunen har følgjande anleggsmiddelgrupper med tilhøyrande avskrivingsplan:

Anleggsmiddel – gruppe	Avskrivn. plan	Eigedelar
Gruppe 1	5 år:	EDB-utstyr, kontormaskiner og liknande.
Gruppe 2	10 år:	Anleggsmaskiner, maskiner, inventar og utstyr, verktøy og transportmidlar og liknande.
Gruppe 3	20 år:	Brannbilar, parkeringsplassar, trafikkllys, tekniske anlegg (VAR), reinseanlegg, pumpestasjonar, forbr. anlegg o.l
Gruppe 4	40 år:	Bustader, skular, barnehagar, idrettshaller, vegar, leidningsnett og liknande.
Gruppe 5	50 år:	Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjonsbygg, sjukeheim og andre institusjonar, kulturbygg, brannstasjonar og liknande
Tomt	Ingen	Tomter o.l

### Oversikt over tilgang og avskrivning fordelt på grupper:

Sum 224 - 228	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 5	Tomt	Sum
Anskaffelseskost	1 751 752	5 671 252	11 275 539	177 946 554	38 879 108	14 901 367	250 425 572
Akk.avsk. Pr 31.12	920 616	4 596 121	2 308 132	57 414 587	12 500 106	0	77 739 563
Tilgang i år	0	485 747	159 000	10 858 049	583 476	2 618 161	14 704 433
Avgang i år	0	0	0	0	0	0	0
Årests avskrivning	226 969	313 346	563 706	4 252 667	771 280	0	6 127 969
Nedskrivning	0	0	0	0	0	1 174 480	1 174 480
Bokført verdi pr 31.12	831 136	1 560 878	9 126 407	131 390 016	26 962 478	16 345 048	186 215 962

Sjå balansen side 4 og 5

\* Avgang gjeld reduksjon av bokført verdi pga netto sal av tomter:

Lønnebakken kr 1 109 000,- , industriområde Rolvsvåg kr 65 480,-. 2 tomter er kjøpt tilbake på Lønnebakken til kr 706 150 etter at frist for oppstart bygging gjekk ut. Det er kjøpt ein tomt på Haga til kr 930 000 som skal nyttast i samband med nybygg Samnangerheimen

Investeringsrekneskapa er gjort opp i balanse etter at det er inntektsført bruk av fond, lånemidlar og tilskot i samsvar med tidlegare vedtak og budsjettvedtak. Det er meirforbruk på nokre prosjekt og det er nytta unytta midlar (lån) knytt til andre prosjekt for å finansiera meirforbruket. I tillegg er momskompensasjon oppstått i investeringsrekneskapa, tilbakeført i sin heilskap. Det er krav om at 40 % skal tilbakeførast. I note 12 og 13 er det sett opp totaloversyn over samla investeringsutgifter og oversyn over dei mest vesentlege investeringane og det vert vist til dette.



### Note nr. 12. Totale investeringar i utstyr, nybygg og anlegg

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
<b>Investeringar i nybygg og nyanlegg.</b>	<b>15 800 575</b>	<b>37 957 167</b>	<b>22 156 592</b>
Finansiert ved.:			
Lån eks.startlån	7 439 468	31 000 000	23 560 532
Statstilskot/ refusjon	17 681	100 000	82 319
Andre tilskot	4 100 000	4 179 000	79 000
Gåver / tilskot	0	0	0
Overført frå driftsrekneskapen	2 635 410	2 663 000	27 590
Eigenkapital fond	758 906	791 000	32 094
Eigenkapital årets salsinntekter	1 194 480	620 000	-574 480
Avsett til fond	-336 670	-600 000	-263 330
Byggelånsrente	-8 700	-795 833	-795 833
<b>Sum finansiering</b>	<b>15 800 575</b>	<b>37 957 167</b>	<b>22 156 592</b>

Inkludert i oversikta er investering i nytt økonomi, lønn og personalsystem – investeringsdel med kr. 1.096.142,06.

### Note nr. 13. Vesentlege investeringar i nybygg og nyanlegg

<b>Røykdykkarbil Isuzu D-max 1.1600.3390/3392</b>			
Tekst	Rekneskap 2011	Budsjett 2011	Avvik
Investeringsutgifter	424 754	425 000	246
Finansiert ved.:			
Overført frå driftsrekneskapen	144 754	145 000	246
Eigenkapital fond	260 000	260 000	0
Eigenkapital salsinntekter	20 000	20 000	0
Sum finansiering	424 754	425 000	246

Innkjøp av røykdykkarbil er finansiert med bruka av disposisjonsfondet med kr 200 000 og lån frå disposisjonsfondet på kr 60 000. Det er og overført midlar på kr 60 000 frå driftsbudsjettet utover momskompensasjonsmidlar. jfr KS vedtak 59/10 og delegert vedtak 194/10.

<b>Samnangerheimen 0.1602.2610.</b>			
Tekst	Rekneskap 2011	Budsjett	Avvik
Investeringsutgifter	1 513 476	2 080 000	566 524
Finansiert ved.:			0
Bruk av lån	1 432 728	2 000 000	567 272
Tilskot			0
Overført frå drift	80 748	80 000	-748
Eigenkapital ubunde fond			0
Sum finansiering	1 513 476	2 080 000	566 524

Oppstart av prosjekt ny Samnangerheim er finansiert med bruk av lån jfr KS 63/10. Kjøp av nabohus/ tomt kr 930 000,- er finansiert med bruk av lån jfr KS 37/11

<b>Høgdebasseng Ytre Tysse 0.1604.3450.</b>					
<b>Tekst</b>	<b>Rekneskap 2010</b>	<b>Rekneskap 2011</b>	<b>Sum rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>
Investeringsutgifter	5 211 987	606 155	5 818 142	4 830 000	-988 142
Finansiert ved.:					
Lån	5 211 987	606 155	5 818 142	4 830 000	-988 142
Sum finansiering	5 211 987	606 155	5 818 142	4 830 000	-988 142

Bygging av høgdebassenget på Ytre Tysse er finansiert med opptak av lån kr 4,83 mill jfr KS vedtak 10/10. Meirforbruk kr 381 987 i 2010 og kr 606 155 i 2011, totalt kr 988 142,- er finansiert med lånemidlar andre prosjekt.

<b>Prosjekt Ytre Tysse 0.1604.3300/3341/3350</b>					
<b>Tekst</b>	<b>Rekneskap 2010</b>	<b>Rekneskap 2011</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>
Investeringsutgifter	7 579 984	10 289 726	17 869 710	13 704 000	-4 165 710
Finansiert ved.:					
Lån	6 921 546	4 955 266	11 876 812	7 700 000	-4 176 812
Tilskot	0	4 117 681	4 117 681	4 179 000	61 319
Overført frå drift (moms)	658 438	1 095 478	1 753 916	1 704 000	-49 916
Eigenkapital fond		121 301	121 301	121 000	-301
	7 579 984	10 289 726	17 869 710	13 704 000	-4 165 710

Prosjekt Ytre Tysse starta opp med byggetrinn 1 i 2010 og var ferdig våren 2011. Prosjektet hadde eit budsjett på kr 12 mill eks moms (kr 13,704 inkl. moms) og er vedtatt finansiert med lån kr 9,4 mill og tilskot, jfr KS vedtak 38/10. Lånet inkluderer tilskot frå Statens vegvesen på kr 1,7 mill. Meirforbruk på kr 4,1 mill er finansiert med ubrukte lånemidlar.

**Prosjekt økonomi:** 06.06.2011 gjekk kommunen over til nytt økonomisystem (Agresso). Nytt lønssystem vart innført 01.01.2012 og nytt personalsystem kjem våren 2012. Total ramme for dette prosjektet er på kr 2,4 mill som er finansiert over driftsbudsjettet jfr KS 63/10. I 2011 er det brukt kr 1,6 mill og rest sum kr 745 069 er avsett til disposisjonsfond. Prosjektet er ført både i drift og investering utifrå kva type utgift kommunen har hatt.




## Note nr. 14. Gjeldsforpliktning med rentevilkår.

	31.12.2010		31.03.2011		31.08.2011		31.12.2011	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med pt rente	58,24	63 %	90,55	76 %	79,34	68 %	79,33	68 %
Lån med NIBOR basert rente								
Lån med fast rente	33,5	37 %	29,37	24 %	37,95	32 %	36,66	32 %
Finansielle leasing								
<b>Samla langsiktig gjeld</b>	<b>91,74</b>	<b>100 %</b>	<b>119,92</b>	<b>100 %</b>	<b>117,29</b>	<b>100 %</b>	<b>115,99</b>	<b>100 %</b>
Tall løpende einskildlån	22		23		23		23	
Største einskildlån	NOK 16,42 mill		NOK 29,7 mill		NOK 29,7 mill		NOK 29,7 mill	
<b>Rente vilkår:</b>								
Kommunalbanken: flytande	2,62 %		2,62 %		3,18 %		3,17 %	
fast	3,51% - 5,63%		3,51% - 5,63%		3,12% - 5,63%		3,12% - 5,63%	
Husbanken: flytande	2,80 %		2,70 %		2,77 %		2,50 %	
fast	2,92%-5,88		2,92%-5,88		2,56%-5,88		2,56%-5,88%	

Det er i 2011 betalt totalt kr 5 452 462 i avdrag på lån. Kr 698 572,28 gjeld avdrag startlån og er betalt i investeringsrekneskapen. Det er tatt opp 1 lån i 2011 på kr 29,7 mill. Jfr Kommunestyrevedtak 63/10.

Tekst	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010	Attverande løpetid
Kommunens samla lånegjeld	115 992 099	91 744 561	gj.snitt 31,17 år
Fordelt på følgjande kreditorar.:			
Kommunalbanken Fast rente	16 300 430	11 253 100	Gj.snitt 30,0 år
Kommunalbanken Flytende rente	74 916 290	54 237 180	Gj.snitt 34,5 år
Husbanken. Fast rente	20 360 355	22 248 612	Gj.snitt 21,7 år
Husbanken. Flytende rente	4 415 024	4 005 669	Gj.snitt 22,7år
Renteutgifter lån	4 005 583	2 451 862	






	2011	2010	2009
Kortsiktig gjeld	28 254 582	25 654 637	25 961 489
Langsiktig gjeld	310 455 523	248 522 913	226 775 756
- av dette pensjonsforpliktning	194 463 424	156 778 352	143 829 415
- langsiktig gjeld eks.pensjon	115 992 099	91 744 561	82 946 341

### Note nr. 15. Gjeldsforpliktingar fordelt på sjølvkostområde.

Lånegjeld som gjeld sjølvkostområde (VA - området) er blitt redusert frå 19,99% til 14,77% av total lånegjeld. Det skuldast låneopptaket på kr 29,7 mill som er tatt opp i 2011 til å finansiera m.a ny barneskule og planlegging Samnangerheimen (drift).



Figuren viser lånegjeld totalt fordelt på VAR - område, startlån og drift (andre lån). VAR – område er vatn, avløp (og renovasjon.) Låna er stort sett knytt til vatn. Samnanger kommune har ikkje lån knytt til renovasjon.

### Note nr. 16. Avdrag på gjeld

Avdrag	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010
Betalt avdrag eks. utlån	4 566 700	4 649 137	6 511 275
Berekna minste lovlege avdrag		2 914 046	2 639 867
Differanse		1 735 091	3 871 408

\* Ekstra avdrag på Startlån (stønadslån) frå låntakarar utgjer kr. 397 319,- (kr 493 739,- i 2010) og er betalt til Husbanken etter gjeldande reglar.

A) Årets avskrivning art 5900	6 127 969
B) IB Anleggsmidler	178 813 978
C) IB lånegjeld (- forvaltningslån)	85 031 784
Minimumsavdrag a/b * c	2 914 046

I tillegg tilrår Fylkesmannen at avdragsutgift på lån eks startlån skal utgjera min. 3,5 % av gjeld

	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010	Rekneskap 2009
Lånegjeld eks. startlån	110 082 647	82 031 784	77 313 059
Avdragsutgifter eks. startlån	4 649 137	6 511 275	2 897 998
<b>Avdrag i % av gjeld</b>	<b>4,22 %</b>	<b>7,94 %</b>	<b>3,75 %</b>

## Note nr. 17 - Sjølvkosttenester

### Sjølvkostkalkyle vatn 2011

1.1601.3450.N 251.20.620		Budsjett	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010
Driftsutgifter		1 516 241	1 624 713	1 800 819
Fordelt utgift porto		4 000	4 000	4 000
Fordelt utgift EDB/ Arena		22 800	22 800	22 800
Avskrivingskostnader		1 407 224	1 407 224	1 267 414
- avskrivning av brukt fond		0	-15 674	-11 126
Alternativkostnad kalk. renter	3,24 %	1 134 076	1 001 976	1 035 140
Sum kostnader		4 084 341	4 045 039	4 119 048
Kommunale avgifter		3 850 000	3 830 361	3 595 180
Tilknytingsavgifter		110 000	46 293	19 324
Andre inntekter		0	3 509	77 674
		0	0	0
Kalkulerte renteinntekter fond (av IB)	kr 1	0	0	386
Sum inntekter		3 960 000	3 880 163	3 692 564
<b>Sjølvkostre sul tat</b>		<b>-124 341</b>	<b>-164 877</b>	<b>-426 484</b>
Kostnadsdekning		97,0 %	95,9 %	89,6 %
Bruk av fond (- avsett/ + bruk)		0	0	11 162
Kostnadsdekning e.bruk/ avsett		97,0 %	95,9 %	89,9 %

Underskot vatn kr 164 876,52. Det er ikkje pengar att på fond.

## Sjølvkostkalkyle avløp 2011

1.1601.3530.N 251.20.630		Budsjett	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010
Driftsutgifter		1 092 830	932 448	1 078 029
Fordelt utgift porto		4 000	4 000	4 000
Fordelt utgift EDB/ Arena		18 400	18 400	18 400
Avskrivingskostnader		230 411	230 410	230 399
Alternativkostnad	3,24 %	143 063	124 940	140 015
<b>Sum kostnader</b>		<b>1 488 704</b>	<b>1 310 198</b>	<b>1 470 843</b>
Inntekt:				
Kommunale avgifter		1 108 750	1 063 609	1 034 366
Tilknytingsavgifter		50 000	15 106	-630
Andre inntekter		0	2 632	61 405
		0		
Kalkulerte renteinntekter fond (av IB)	633 563	0	20 527	21 921
<b>Sum inntekter</b>		<b>1 158 750</b>	<b>1 101 874</b>	<b>1 117 062</b>
Sjølvkostresultat		-329 954	-208 324	-353 781
Kostnadsdekning		77,84	84,10	75,95
<hr/>				
Bruk av fond (- avsett/ + bruk)		330 000	208 324	358 753
<hr/>				
Kostnadsdekning e.bruk/ avsett		100 %	100 %	100 %

Det er brukt kr 208 324 av fond i 2011. Saldo på fond pr 31.12.2011 kr 425 238,81

## Sjølvkostkalkyle slamavskiljar 2011

1.1601.3540.N 251.20.631		Budsjett	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010
<b>Sum kostnader</b>		<b>360 000</b>	<b>429 935</b>	<b>1 106 236</b>
Inntekt:				
Tømming slamavskiljar, e.tømming			11 227	821 598
Tømming slamavskiljar, fast		340 000	346 504	330 872
Andre inntekter		20 000	0	20 640
Kalkulerte renteinntekter fond (av IB)	469 947	0	15 226,00	13 480
<b>Sum inntekter</b>		<b>360 000</b>	<b>372 957</b>	<b>1 186 590</b>
Sjølvkostresultat		0	-56 978	80 354
Kostnadsdekning		100,00 %	86,75 %	107,26
Disponering av sjølvkostresultat				
<hr/>				
Bruk av fond (- avsett/ + bruk)		0,00	56 978	-80 353
<hr/>				
Kostnadsdekning e.bruk/ avsett		100 %	100 %	100 %

Det er brukt kr 56 978,- av fond i 2011. Saldo på fond pr 31.12.2011 kr 412 969,92

	1.1600.3020.		
<b>Sjølvkostområde byggesaker</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap 2011</b>	<b>Rekneskap 2010</b>
<b>Brukarbetaling / salsinntekt/refusjonar</b>	<b>381 000</b>	<b>320 047</b>	<b>418 992</b>
Direkte kostnader	512 268	880 117	473 144
Indirekte kostnader	0	0	0
Netto finanskostnader	0	0	0
<b>Sum utgifter</b>	<b>512 268</b>	<b>880 117</b>	<b>473 144</b>
Underskot	-131 268	-560 070	-54 151
Sjølvkostdel i %	74 %	36 %	89 %
Disponering til/frå bundne fond			

Berekningane er eks mva.

	1.1600.3021.		
<b>Sjølvkostområde delingsaker</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap 2011</b>	<b>Rekneskap 2010</b>
<b>Brukarbetaling / salsinntekt</b>	<b>30 000</b>	<b>67 991</b>	<b>56 773</b>
Direkte kostnader	68 899	95 768	64 930
Indirekte kostnader	0	0	0
Netto finanskostnader	0	0	0
<b>Sum utgifter</b>	<b>68 899</b>	<b>95 768</b>	<b>64 930</b>
Underskot	-38 899	-27 777	-8 156
Sjølvkostdel i %	44 %	71 %	87 %
Disponering til/frå bundne fond			

Berekningane er eks mva.

	1.1600.3030.		
<b>Sjølvkostområde oppmåling</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap 2011</b>	<b>Rekneskap 2010</b>
<b>Brukarbetaling / salsinntekt</b>	<b>314 000</b>	<b>341 381</b>	<b>129 144</b>
Direkte kostnader	748 503	707 014	380 732
Indirekte kostnader	0	0	0
Netto finanskostnader	35 000	34 999	35 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>783 503</b>	<b>742 013</b>	<b>415 732</b>
Underskot	-469 503	-400 632	-286 589
Sjølvkostdel i %	40 %	46 %	31 %
Disponering til/frå bundne fond			

Berekningane er eks mva

	1.1600.3380.		
<b>Sjølvkostområde feiing</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap 2011</b>	<b>Rekneskap 2010</b>
<b>Brukarbetaling / salsinntekt</b>	<b>819 000</b>	<b>849 679</b>	<b>241 755</b>
Direkte kostnader	861 856	782 583	425 420
Indirekte kostnader	40 000	40 000	0
Netto finanskostnader	12 000	12 000	12 000
Avsett til bunde fond		82 500	
<b>Sum utgifter</b>	<b>913 856</b>	<b>917 083</b>	<b>437 420</b>
Underskot	-94 856	-67 404	-195 666
Sjølvkostdel i %	90 %	93 %	55 %
Disponering til/frå bundne fond			

Berekning er eks. mva

Sjølvkostområde SFO	1.2210.2150.		
	Budsjett	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010
<b>Brukarbetaling / salsinntekt</b>	<b>895 900</b>	<b>864 860</b>	<b>602 286</b>
Direkte kostnader	1 356 680	1 369 532	988 585
Indirekte kostnader	0	0	0
Netto finanskostnader	0	0	0
<b>Sum utgifter</b>	<b>1 356 680</b>	<b>1 369 532</b>	<b>988 585</b>
Underskot	-460 780	-504 672	386 299
Sjølvkostdel i %	66 %	63 %	61 %
Disponering til/frå bundne fond			

Berekning er eks. mva

### Note nr. 18. Årsverk

	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Tal årsverk	190	189	182	176	170	163
Tal tilsette	270	265	259	239	223	219
Tal kvinner	226	219	215	193	170	167
%-del kvinner	83,7 %	82,6 %	83,0 %	80,8 %	76,2 %	76,3 %
Tal menn	44	46	44	46	53	52
%-del menn	16,3 %	17,4 %	17,0 %	19,2 %	23,8 %	23,7 %

### Note nr. 19. Godtgjersle til rådmann og ordfører

Tekst	Rekneskapsåret	Førre år
Løn og anna godtgjersle til rådmann inkludert pensjonsavtale	665.000	640.000
Løn og anna godtgjersle til rådmann for verv i kommunal samanheng (AS, KF, IKS, stiftingar etc.)	0	0
Løn og anna godtgjersle til ordfører inkludert pensjonsavtale	505.000	490.000
Løn og anna godtgjersle til ordfører for verv i kommunal samanheng (AS, KF, IKS, stiftelsar etc.)	0	0

#### Tilleggsopplysningar:

Det er ikkje inngått etterlønnsavtale eller pensjonsavtale med rådmann eller ordfører ut over det som er tariffesta. Rådmannen har ikkje åremålsstilling.

## Note nr. 20. Interkommunalt samarbeid

Samnanger kommune har i 2011 hatt samarbeid med Vaksdal kommune vedr PPT, med Fusa og Tysnes vedr. veterinærteneste og kommunen har felles landbrukskontor med Os og Fusa. Barnevernet samarbeider med Fusa og Kvam om m.a tilsynsfører og godkjenning av fosterheimar. BIR renovasjon har avtale med Samnanger kommune om renovasjon i kommunen, dette gjeld og innkrevjing av renovasjonsgebyr. Samnanger kommune er med i Bjørnefjorden næringsutvikling, Business region Bergen og innkjøpssamarbeid med Bergen kommune. Frå 2009 samarbeidar kommunen med Os kommune om legevakt. Frå 2011 er det inngått avtale om samarbeid med Fusa kommune om feiing og brann. Avtalene vart vedtatt avvikla i kommunestyret 22.02.12. I 2010 og 2011 har kommunen samarbeida med Tysnes og Fusa om innkjøp og innføring av nytt økonomi, lønn og personalsystem. Samarbeidet fortset i 2012.

## Note nr. 21 Revisjonshonorar

<b>Tekst</b>	<b>Rekneskapsåret</b>	<b>Førre år</b>
Honorar for sekretær kontrollutvalet	81.141	127.806
KPMG – revisjon	0	64.830
KPMG – bistand	0	0
Deloitte as - revisjon	155.000	155.000
Deloitte as - bistand	136.300	32.195

Frå 2010 er det inngått revisjonsavtale med Deloitte as. Hordaland Fylkeskommune er sekretær for kontrollutvalet.

